

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 29.01.2024

**Vår ref.:** 201307468-39 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## **Avgrensa høyring av søknad om Urdelva kraftverk i Vestnes kommune i Møre og Romsdal fylke**

Vi viser til søknad frå Blåfall Prosjekt AS (opphavleg Norsk Omipower AS) datert 05.05.2020, om løyve etter vassressurslova til å få byggje Urdelva kraftverk i Vestnes kommune. Saka vart sendt på høyring i 2020 utan at det vart gjort eit vedtak. Sidan det har gått ei tid sidan saka var på høyring, ynskjer NVE å sende den på ei avgrensa høyring til Vestnes kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal med høyringsfrist 15.03.2024.

Alle relevante dokument i saka er tilgjengeleg på saka si nettside: [www.nve.no/8517/V](http://www.nve.no/8517/V).

NVE ynskjer tilbakemeldingar dersom det har oppstått nye forhold som kan vera av betydning for konsesjonen sidan saka vart på høyring i 2020. Vi ynskjer òg tilbakemelding dersom dykk veit om nye partar som saka vedkjem, slik at dei òg kan få høve til å uttale seg. Vi ber Statsforvaltaren særleg vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er behov for ytterlegare utgreiingar.

Fråsegn sendes på e-post til [uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no). Merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 201307468 i emnefeltet.

Frist for å sende fråsegn er:

**15.03.2024**



Med helsing

Brit Torill Haugen  
fagleiar

Malin Solheim Olsen  
førstekonsulent

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner*

**Mottakarliste:**

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Vestnes kommune  
ELINETT AS

**Kopimottakarliste:**

BLÅFALL PROSJEKT AS